



Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Jannicke Neteland Olsen / 45404732	Vår referanse: 15/204805-4	Dykkar referanse:	Vår dato: 26.02.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

IKKJE OFFENTLEG, offentleglova § 14, 1. ledd

Invitasjon – Informasjonsmøte om planlegging av ny E39 Knarvik– Eikefettunnelen og nytt trafikksystem mellom Flatøy og Knarvik.

Statens vegvesen har starta opp innleiande arbeid for ny E39 frå Knarvik til Eikefettunnelen. I arbeidet drøftar vi og samspel i trafikksystem mellom Knarvik og Flatøy. I dette høve vil vi invitere politikarar i Lindås- og Meland kommune til informasjons- og innspelsmøte den **16. mars 2016 kl. 14.00–16.00 på Alver hotell. Før møtet inviterer vi til enkel servering kl. 13.30–14.00.** Om mogeleg ønsker vi tilbakemelding på omtrentleg tal på deltakarar innan fredag 11. mars.

I møtet vil vi presentere utgangspunktet for arbeidet, resultata frå ein fagleg idéverkstad som er gjennomført, og korleis vi har arbeidd vidare med ideane til meir definerte alternativ/konsept. Planlagt prosess etter plan og bygningslova vert og presentert. På slutten av møtet vil det vere høve til å diskutere og drøfte informasjonen, samt komme med innspel til det vidare arbeidet.

Med helsing
Fylkesavdeling Hordaland

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Likelydande brev sendt til
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.